



Proess As  
Brusdalsvegen 20  
6011 ÅLESUND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/1618 - 23/39635

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
24.05.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/783 Alver**

Tiltak: Rekkehus, tomannsbustad, kyststi, murar, garasjar/sportsbodar, utomhus, parkering  
Byggjestad: Gbnr: 137/783  
Tiltakshavar: Majo Eigedom As  
Ansvarleg søkjar: Proess As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.02.2023. Saka ble sendt på høyring 10.05.23.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Løyve til oppføring av veg, VA-anlegg er gjeve i sak 2012/2378 den 15.02.13. Det er uklart om veg FV 2.1 og 2.2 er ferdigstilt, samt om det er ferdigstilt stikkleidningar til regulerte områder B4 og B5.  
Det er gjeve mellombels bruksløyve for delar av tiltaket: veg FV1, delar av VA-anlegget den 1.06.16. Resten av veg og VA-anlegget skulle ferdigstillast med ferdigattest den 1.06.17. Vi har ikkje mottatt søknad om ferdigattest for infrastruktur. Vi ber om status på dette. Det er uklart om kryss frå Alvermarka nord mot FV 565 er utbetra og godkjent av Statens vegvesen.
2. Det ligg en del kommentarar frå Samferdsel-, veg, vatn og avløp i vedlagt uttale datert 16.05.23. Vi tilrår å ta kommentarar til etterretning i prosjektinga.
3. Det skal visast boss plass, post, parkering utan konflikt med regulert snuhammar på revidert situasjonsplan.
4. Det må sendast inn detaljplan for leikeområde F\_L3 med benker, leikeapparata, port, sikring av terrengs nivå forskjell, etc., jf.pkt.4.4 i planen.
5. Det må sendast inn målsatte snitt-profilteikningar for kyststi, som viser at den er prosjektert på mest mogeleg skånsam måte. Det er innsendt situasjonsplan med tursti og terrengsnitt på same ark, som er vanskeleg å lese. Sikring av kyststi må visast detaljert.

6. Eigedom ligg under marin grense med potensielt fare for kvikkleire og krev vurdering frå fagkyndig eller evt. konklusjon på at det er registrert fast fjell i dagen med inntil 2 m jord. Det skal vurderast etter PBL §28-1- trygg byggegrunn.
7. Det skal sendast utomhus for både leikeplass og kyststi, kor det skal visast at kyststi er knytte eksisterande stien.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 1.07.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Majo Eigedom As

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ

### **Mottakarar:**

Proess As

Brusdalsvegen 20

6011

ÅLESUND